

BACHELOROPPGÅVE

"CAN A VILLAGE RAISE A CHILD?"

Ei studie om utvalde utdanningsaktører sitt syn på formålet til den zambiske førskule

av

Kandidatnummer 100
Åsne Gjelland Lid

A study based on selected educational providers views on the purpose of early childhood education in Zambia

Global Knowledge

GK 302

Mai 2014



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage *Can a village raise a child?* dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer 100

Åsne Gjelland Lid

JA X NEI___

Samandrag

Dette studiet er gjennomført i samband med fordjupingseininga Global Knowledge, som ein del av førskulelærerutdanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Gjennom oppgåva har eg prøvd å danne eit bilete av ulike faktorar som kan vere essensielle i førskulen sitt formål i Zambia. Eg tok utgangspunkt i den nye læreplanen for førskulen og har sett på utviklinga som har skjedd med førskulen sidan Zambia vart eit uavhengig land i 1964 (Ministry of Education, Science, Vocational Training and Early Education, 2013). Utifrå det kom eg fram til følgjande problemstilling;

Kva formål har urbane førskular i Zambia slik utvalde utdanningsaktørar ser det?

- *Korleis har den zambiske førskulen utvikla seg historisk dei siste 50. åra?*
- *Kva trur nokre utdanningsaktørar ny førskulepolitikk i Zambia kan bety for førskulen sin status?*

Det er nytta kvalitativ metode i oppgåva, for å få mogelegheita til å gå i djupna og få personlege svar. Eg har gjennomført tre semistrukturerte intervju med tre ulike aktørar innafør utdanningssektoren, samt observasjonar og feltsamtalar i praksis.

Gjennom undersøkinga kan ein sjå at den zambiske førskulen har gått frå å vere forankra tradisjonelt og lokalt, til å få ei meir heilskapleg og sentralstyrt utbygging . Som oppsummering over funna mine kan ein sei at førebuing til skule og sosialisering vert sett på som to viktige formål i førskulen.

Summary

This study is conducted in conjunction with the special subject of Global Knowledge, as a part of the preschoolteacher education at Sogn og Fjordane University College. Throughout the thesis I have tried to look on the various factors that may be essential in the purpose of the Zambian preschool. I have based the project on the new curriculum for the preschool, and the developing of the preschool since the countrys independence in 1964 (Ministry of Education, Science, Vocational Training and Early Education, 2013). From what I came up with the following research question;

What purpose do urban zambian preschools have seen from different educational providers point of view?

- *How have the zambian preschool developed the last fifty years?*
- *What do some educational providers think that the new politisc regarding preschools can mean for the preschools purpose?*

I have used qualitative methods in the project, to get the chance to go into the depth and get personal answers. I have conducted three semi-structured interviews with three different actors within the educational sector, along with observations and field conversations in practice.

Through the survey it can be seen that the Zambian preschools has gone from beeing rooted traditonal and locally, to get a more comprehensive and centralized development. As a summary of my findings one can say that preparation for school and socialization are seen upon as to important purposes of the preschool in Zambia.

Innhald

Samandrag.....
Summary.....
Innhald.....
1.0 Innleiing.....	1
2.0 Teori.....	3
2.1 Ubuntu og tradisjonelt samfunn.....	3
2.2 Patriarkalsk samfunn.....	4
2.3 Max Weber.....	4
2.4 Kultur.....	5
2.5 Kulturfilter A og B.....	6
2.6 Syn på barn og oppvekst.....	7
2.7 Førskulen si utvikling og innhald i Zambia.....	7
3.0 Metode.....	9
3.1 Kvalitativ metode.....	9
3.1.1 Kvalitativt forskingsintervju.....	9
3.1.2 Observasjon.....	10
3.1.3 Feltforskning.....	10
3.2 Utveljing av informantar.....	11
3.3 Datainnsamling.....	11
3.4 Etske omsyn.....	11
3.5 Validitet og reliabilitet.....	12
4.0 Empiri.....	13
4.1 Kven er førskule for?.....	13
4.2 Førskulen sitt formål.....	14
4.2.1 Førebuing til skule.....	15
4.2.2 Sosialisering.....	16
5.0 Drøfting.....	17
5.1 Kven og kva er førskule for?.....	17
5.1.1 Det tradisjonelle samfunnet.....	17
5.1.2 Kjønnsroller.....	18
5.1.3 Regjeringa sine mål for førskulen.....	18
5.2 Førskulen sitt formål.....	19
5.2.1 Førebuing til skule.....	19
5.2.2 Sosialisering.....	20
5.3 Vegen vidare.....	21
6.0 Avslutning.....	22
7.0 Bibliografi.....	23
8.0 Vedlegg.....	25
8.1 Intervjuguide.....	25

“Can a village raise a child?”

1.0 Innleiing

Som student på førskulelærerutdanninga og på fordjupinga Global Knowledge har eg denne våren fått moglegheita til å reise til Zambia og ha min siste praksis på utdanninga, samt bruke det som utgangspunkt for oppgåva mi. Førskule er eit global fenomen og ganske vanleg over store deler av verda. Eg er interessert i førskulen sett i ein samfunnskontekst og korleis førskule er bygd opp ulikt i ulike land. Kva er formålet med kvardagen til dei yngste barna og korleis kan ein definere det med utgangspunkt i kultur og tradisjonar? Gjennom samtalar og observasjonar i 3 månadar i Zambia såg eg at førskulen der nede er noko heilt anna enn den norske som eg kjenner til. Temaet for prosjektet mitt vart dermed førskulen sitt formål og betydning i samfunnet i Zambia og eg har kome fram til fylgjande problemstilling:

Kva formål har urbane førskular i Zambia slik utvalde utdanningsaktørar ser det?

- *Korleis har den zambiske førskulen utvikla seg historisk dei siste 50. åra?*
- *Kva trur nokre utdanningsaktørar ny førskulepolitikk i Zambia kan bety for førskulen sin status?*

Før Zambia vart eit uavhengig land i 1964, var «early childhood education» noko alle barn måtte innom før dei kunne starte den formelle skulen i fyrste klasse (Ministry of Education, Science, Vocational Training and Early Education, 2013). Etter ei rekonstruering av utdanningssystemet i 1960-åra vart «early childhood education» desentralisert og det var ikkje lenger særleg prioritert. I 2008 sa regjeringa i Zambia at dei skal bygge ut førskuletilbodet og at det skal verte fleire statleg og kommunalt eigde barnehagar (Ministry of Education, Science, Vocational Training and Early Education, 2013).

Utdanningsdepartementet i Zambia deler barnehage inn i to nivå; *dagpass*, med barn frå 0-2 år og *førskule*, med barn frå 3-6 år. *Dagpass* er ikkje eit veldig utbreidd tilbod i det zambiske samfunnet og sidan min fordjupingspraksis har vore fem av seks veker i ein førskule i Livingstone er det der fokuset i denne oppgåva vil vere. Eg vil dermed bruke utelatande ordet førskule når eg beskriv tida barna har i institusjon før skulen byrjar. Dette fordi ordet førskule er veldig beskrivande for det innhaldet kvardagen har, nemleg førebuing til skule (Ministry of Education, Science, Vocational Training and Early Education, 2013).

I denne oppgåva vil eg fyrst greie ut om ulike teoriar eg ser på som relevante til problemstillinga. Så vil kvalitativ metode verte presentert og eg vil ta føre meg val av informantar, gjennomføring og

etiske omsyn. Vidare vil eg presentere relevant empiri som kan svare på problemstillinga. Til slutt skal eg drøfte empirien i lys av teori, og eg vil presentere nokre hovudfunn. Fokuset vil vere å sjå korleis den zambiske førskulen har utvikla seg og korleis formålet kan ha vorte endra.

2.0 Teori

I denne teoridelen vil eg ta føre meg sentral teori i forhold til problemstillinga mi. Eg vil sjå førskulen si rolle i eit samfunnsperspektiv knytt til syn på barn, familie og oppdraging. Fyrst vil eg greie ut om kva eit tradisjonelt samfunn kan vere, sjå det i samanheng med det afrikanske verdssynet Ubuntu og patriarkatet. Vidare vil eg ta føre meg Weber og sjå på overgangen frå eit tradisjonelt – til eit moderne samfunn. For å kunne seie noko om førskulen sitt formål vil kultur og Dahl (2001) sin kulturfiltermodell vere relevant. Til slutt vil nokre syn på barn og oppvekst verte presentert, saman med sentrale trekk ved den zambiske førskule si utvikling.

2.1 Ubuntu og tradisjonelt samfunn

For å beskrive det tradisjonelle samfunnet seier Giddens at det er prega av lite sjølvstende og fristilling, ein er ikkje så ansvarleg for eigne val. Å vere individorientert vert sett på som eit moderne fenomen, der ein ikkje kan akseptere unnskyldningar og den einaste ein kan skulde på er seg sjølv (Giddens, 1996).

Ordet og verdssynet Ubuntu kjem frå Sør-Afrika, og byggjer på ideen om at; *persons depend on persons to be persons* (Shutte, 2011). Det inneber ein etikk om kva verdiar som gjer det mogleg å utvikle seg til å verte eit fullverdig menneske i fellesskap med andre. Fellesskapet er der for å hjelpe det enkelte individ til å verte eit unikt senter for felles liv. Ved å tilhøyre eit fellesskap kan ein verte seg sjølv og dess eldre ein vert, dess betre og meir heilt menneske er ein (Shutte, 2011). Andre viktige verdiar i Ubuntu er respekt for kjønnsulikskapar, elder og deira levde liv. Jo meir ein bidreg til fellesskapet og bruker desse verdiane, jo meir respekt fortene ein. Dette gjer at dei eldre i samfunnet automatisk innehar stor respekt (Bergersen, 2010).

Å vere Ubuntu er å vere saman i eit fellesskapssamfunn og respektere og innordne seg etter fellesskapet sine normer i trua på det guddommelege (Bergersen, 2010). Måten ein oppfører seg på ovanfor andre menneske er svært viktig for å kunne utvikle seg og byggje opp sin eigen personlegdom. Dersom ein er autonom og prioriterer eigne behov kan det føre til utestenging frå andre fordi det ikkje er i tråd med ein Ubuntu etikk. Den sosiale kontrollen er ikkje berre ei frykt for isolasjon, men også mangel på kraft frå livsnødvendige relasjonar sidan *ein person kun eksisterer i relasjon til andre personar* (Bergersen, 2010).

I Zambia, så vel som andre afrikanske land, har det skjedd ein kollisjon mellom det tradisjonelle og det moderne/vestlege samfunn (Taylor, 2006). Fyrst gjennom kolonitida, men meir og meir gjennom globalisering og media i nyare tid. Kolonisme har tilført landet konservative krefter som kristendom og rigide kjønnsrollemønster. I nyare tid har den vestlege kulturen brakt global feminisme og dets følgjande trykk for å endre lokale kjønnshierarki og kulturelle normer (Taylor, 2006). Kvinner var tidlegare underordna mannen i Zambia, og med kolonialiseringa vart det

forsterka gjennom eit viktoriansk ideal der kvinnene si rolle vart avgrensa til å behaga og vere nyttig for mannen (Taylor, 2006).

Ingleheart og Baker (2012) sine undersøkingar syner til religion, familie og økonomi som viktige verdiar i eit tradisjonelt samfunn. Ein får styrke og trøyst i religionen sin og ein skal vise stor respekt til autoritetar. Eit viktig mål i livet er ofte å gjere foreldra stolte. Foreldra må til gjengjeld gjere det dei kan for barna sine, sjølv om dei må lide litt. Medlemmar av tradisjonelle samfunn føretrekk heller sosial likevekt i staden for å måtte leve i eit samfunn som er individualistisk. Moderniseringsteoriar antyder at etterkvart som samfunn utviklar seg økonomisk, endrar kulturen seg i ei stabil retning. Inglehart og Baker (2012) viser og til at økonomiske ulikskapar er forsoneleg med store og gjennomtregande kulturelle ulikskapar. Undersøkinga deira får fram at eit fleirtal meiner det er viktigare at barn lærer å lystre og ha ei religiøs tru, enn å verte sjølvstendig og lære seg å ta eigne slutningar i livet. Ein kan seie det motsette om verdiar i eit moderne samfunn i forhold til desse tema (Inglehart & Baker, 2012).

2.2 Patriarkalsk samfunn

Ei klassisk patriarkalsk sosial orden er kjenneteikna av at mannen er familien og slekta sitt overhovud, og arv og slekt følgjer farslina (Bredal, 2011). Patriarkiet refererer til generasjons- og kjønnsrelasjonar, der mannen er overhovudet i familien. Den patriarkalske makta ligg i relasjonane mellom far - dotter og ektemann - hustru. Foreldre sin kontroll over barna sine ekteskap (arrangert ekteskap) er heilt sentral i patriarkalske samfunn, blant anna for å sikre kontroll med slektlina, arv og eigedom. Eit anna omsyn ligg i at det er forventa at særleg den eldste sonen og kona hans vert buande saman med foreldra i eit storfamiliehusald (Bredal, 2011).

2.3 Max Weber

Den tyske økonomen og sosiologen Max Weber er ein av fleire teoretikarar som har prøvd å forstå kva som skjedde då det vestlege samfunnet utvikla seg frå å vere tradisjonelt til å verte moderne (Lash & Whimster, 1987). Han kalla det rasjonalisering og arbeidet hans med rasjonaliteten si utvikling og institusjonalisering i ulike samfunn og historiske epokar er noko av det han er mest kjent for. Utgangspunktet for Weber si analyse er omgrepet teoretisk rasjonalitet; handling formidla gjennom og styrt av generelle omgrep (Lindbekk, 2001). Han skil mellom fire typar handling; verdirasjonell-, målrasjonell-, tradisjonalistisk- og affektuell handling. Dei to fyrste vert definert som rasjonelle og felles for dei to prinsippa er krav om konsistens, logikk og argumenterande analyse. Rasjonelle handlingar kan ein sjå på som å velje dei beste midlane til å oppnå eit mål; meir effektiv produksjon, betre legevitskap, betre arbeidsdeling eller forbetra infrastruktur. For å utfylle desse rasjonelle handlingstypane kom han opp med dei to siste handlingstypane. Tradisjonalistisk

handling er innretta mot einigheit med stad og skikk, og affektuell handling er underlagt krav om emosjonelt uttrykk. Desse omgrepa kan ein nytte til å analysere handlingsgrunnlaget i førrasjonelle samfunn og samfunnsepokar (Lindbekk, 2001).

2.4 Kultur

Ein kan forstå kultur på mange ulike måtar. Dahl (2013) fokuserer på to ulike kulturomgrep som han kallar *det beskrivande kulturomgrepet* og *det dynamiske kulturomgrepet*.

Antropologen Arne Martin Klausen definerer det beskrivande kulturomgrepet som; *...de ideer, verdier, regler, normer, koder og symboler som et menneske overtar fra den foregående generasjon, og som man forsøker å bringe videre – oftest noe forandret – til den neste generasjon* (1992, s. 27). Ein slik type kulturforståing legg vekt på at kultur er historisk forankra, at tradisjon er ein viktig del av kulturen og at det er noko ein lærer i eit samfunn. Alt ein har lært gjer ein frå seg som kognitive referanseråmer som bidreg til at ein handlar som ein gjer. Slike referansar vil ofte vere umedvitne «ta – for – gitt - heiter» og ein handlar automatisk utan å tenkje over kva referanseråmer ein nyttar seg av (Dahl, 2013).

Marita Svane, ein dansk kommunikasjonsforskar, seier at ein må forstå og tolke kultur som noko det enkelte individet *er og gjer*. Ein må opne for ei meir dynamisk forståing av kultur og kommunikasjon (Dahl, 2013). Dahl (2013) definerer den dynamiske kulturforståinga som at kultur er det posisjonerte individ gjer gjeldande i det sosiale spelet ovanfor andre menneske. Ein kan sei at det dynamiske kulturomgrepet legg vekt på korleis ein til ei kvar tid fortolkar dei situasjonane ein kjem opp i, og korleis ein vel å handle.

Larsen og slåttén (2011) viser til samfunnet som eit sosialt system. Det er eit system med egne kodar og egne verdiar, og med grupper av ein viss varigheit. Døme på ulike sosiale system kan vere familien, venegjengen og førskulen. Kultur er noko samfunnsmedlemmene har felles og Larsen og Slåttén har definert kultur slik;

Kultur handler om den virkelighetsoppfatning og de verdier, normer, skikker og tradisjoner som er mer eller mindre felles innenfor et samfunn som vi har lært, og som gjør at vi kan kommunisere og samhandle. Kultur vedlikeholdes og endres gjennom sosialisering og gjennom kontakt med ulike grupper mennesker (Larsen & Slåttén, 2011, s. 16).

Dei ulike sosiale systema vil ha sin eigen kultur i samfunnet, og ingen kultur kan eksistere utan eit sosialt system som kan ta vare på den, samstundes som eit samfunn ikkje kan fungere utan ein kultur (Larsen & Slåttén, 2011). Når menneske med ulik kulturbakgrunn kommuniserer, dreier det seg om interkulturell kommunikasjon (Dahl, 2001). Dette skal eg gå nærare inn på i neste avsnitt.

2.5 Kulturfilter A og B

Dahl (2001, s.64) definerer interkulturell kommunikasjon som;

En prosess som innebærer utveksling og fortolkning av tegn og meldinger mellom mennesker som oppfatter seg som representanter for kulturelle fellesskap så forskjellige at deres tilskrivning av mening påvirkes.

Ut frå ein slik definisjon er det aktørane sjølve som bestemmer om det er ein interkulturell kommunikasjonsprosess, utifrå korleis dei definerer seg sjølv i forhold til kvarandre (Dahl, 2001). For å tydeleggjere og forklare den interkulturelle kommunikasjonsprosessen kan ein sjå på kulturfilter og kulturfiltermodellen. Den kulturelle referanseråma vert prega av tidlegare forventingar og erfaringar om den andre og vert eit kulturfilter hjå henholdsvis sender og mottaker. Når to individ skal kommunisere må meldinga fyrst passere kulturfilteret til avsendaren, og for å ta imot meldinga må den og gå gjennom filteret til mottakaren. På den måten vert kulturfilteret ei referanseråme som vil ha innverknad på innkodings - og avkodingsprosessen (Dahl, 2001). Filteret kan bestå av sosiale, psykologiske eller kulturelle aspekt som kommunikasjonspartnarane gjer gjeldande.

Kulturfiltermodellen er kompleks, men ein kan sjå på Dahl (2001) si praktiske framstilling og prøve å forstå. Modellen består av to kulturfilter med ulike sett av kulturelle referanseråmer, som vert kalla høvesvis kulturfilter A og B. Det heile er eit tankeeksperiment som er konstruert for å syne korleis tolkingar gjennom to ulike filter vil kunne føre til misforståingar og fordommar. Her er nokre hovudpunkt frå modellen som skildrar ytterpunktane:

Kulturfilter A	Kulturfilter B
Verda kan beherskast	Verda må akseptereast som den er
Endring skjer ved bruk av fornuft og nye reiskap	Tilpassing skjer ved å ivareta tradisjonar
Metoden er analytisk og planleggande. Lønsemd tilstrebast	Metoden er heilskapleg forståing av andeverda si vilje. Balanse og harmoni er viktig.
Menneskesynet er individorientert	Menneskesynet er kollektivt orientert
Tidsoppfatninga er liner, effektivitet tilstrebast	Tidsoppfatning er syklisk, harmoni tilstrebast
Språket er direkte, rett på sak. Høflegheit ikkje prioritert	Språket er indirekte, høflegheit er ei dyd
Ein skil mellom det religiøse og det materielle, mellom det offentlege og det private	Ein ser det religiøse og det materielle som ein heilskap. Det offentlege og det private går i kvarandre

(Dahl, 2001, s. 72)

Dahl (2001) påpeikar at desse forholda er sett opp for å få fram kontraster og at denne kombinasjonen av kulturfilter neppe vil eksistere i verkelegheita. Han seier og at ein slik tankegang

som kulturfilter A syner til er karakteristisk for den vestlege kulturen (Dahl, 2001). Ser ein på kulturfilter B kan ein trekke linjer mot det tradisjonelle afrikanske samfunn gjennom Ubuntu.

2.6 Syn på barn og oppvekst

Klassisk sosialiseringsteori viser til familien som den einaste personlegdomsdannande instansen i eit barn sine seks fyrste leveår. Dette gjeld i hovudsak dei vestlege samfunn, og kan ha avgrensa relevans for afrikanske samfunn (Sommer, 1997).

Forskning som er basert på dagens levetilstand, påviser at daginstitusjonane har ”djuptgåande påverknad” på barn i dei fyrste seks leveåra. Altså ein primær, sosialiserande instans utover familien (Mc.Gurk et al. i Sommer, 1997). Etter 1960-åra syner forskning at barn utviklar kompetanse som gjer dei eigna til å trivest i ei utvida sosial verd på eit svært tidleg tidspunkt. (Sommer, 1997).

Montgomery (2007) har framheva sosiale og kulturelle ulikskapar som grunnleggande for korleis barn sin barndom vert. Ho seier at kultur varierer over tid og stad, og dermed vil det vere vanskeleg å definere barndom og syn på barn. Ulike kulturar har ulike måtar å oppdra barn på. Vidare har ho sett på ei mogleg globalisering av barndomen. Dersom barndomen er sosialt konstruert vil det vere ulikskapar frå samfunn til samfunn. I eit globalt samfunn er stadig fleire menneske over heile verda utsett for dei same innflytelsane gjennom reklame, media og produkt som er tilgjengeleg for dei. Trua på og verdiar kring barndom vert på same måte globalisert (Montgomery, 2007).

I Zambia, og andre afrikanske land, har ordet familie eit vidare omgrep enn kjernefamilie. Her er besteforeldre, tanter, onklar og søskenbarn i både nær og fjern slekt ei viktig rolle i barna sine liv (Taylor, 2006). I rurale strøk og meir tradisjonelle område kan ein finne at nesten heile landsbyen er med å oppdra barna. Ordtaket ”it takes a village to raise a child” er kanskje ikkje heilt rett, men samfunnet tek ei aktiv og kollektiv rolle i oppdraging og disiplinering av barna (Taylor, 2006).

2.7 Førskulen si utvikling og innhald i Zambia

Før Zambia vart eit uavhengig land i 1964 var «early childhood education» noko alle barn måtte innom før dei kunne starte den formelle skulen i fyrste klasse (Ministry of Education, Science, Vocational Training and Early Education, 2013). Det var då ein nasjonal læreplan for barnehagane og dei var lokalisert på same stad som barneskulane. Då utdanningssystemet vart rekonstruert i 1960-åra, etter at Zambia var blitt uavhengige, fjerna regjeringa sitt ansvar for førskulen då den formelle utdanninga ikkje starta før i fyrste klasse. «Early childhood education» vart desentralisert og det var opp til dei lokale styringsmaktene å setje retningslinjer og lage læreplanar for sine områder. Heilt fram til 2013 har det vore lokale styringsmakter som har vore ansvarleg for førskuleavdelinga, noko som har resultert i ukoordinert og dårlegare «early childhood education».

Dette har vore med og danna grunnlaget for at regjeringa har bestemt å evaluere og standardisere læreplanane for «early childhood education» i landet og at dei no har utvikla ein nasjonal læreplan som alle barnehagar skal følgje (Ministry of Education, Science, Vocational Training and Early Education, 2013). I den nye læreplanen vert det referert til at førskulen skal tilby både uformell og formell tenesteyting som skal førebu barna til å starte i fyrste klasse. Det vert sett på som ei utviklingsstøtte til barn i alderen 0-6 år. Læreplanen for førskulen skal vere dominert av «før-læringsaktivitetar». Nøkkelpoeng for barn i førskulen er; sosiale ferdigheiter, elementære før-lese og skriveferdigheiter, elementære før-matematiske ferdigheiter og fin- og grovmotoriske ferdigheiter (Ministry of Education, Science, Vocational Training and Early Education, 2013). I visjonen deira for 2030 seier departementet for utdanning at Zambia skal verte eit *velstående middle-income land*. Dei seier vidare at; *education is an integral part of the social system and responds to the requirements of society* (Ministry of Education, Science, Vocational Training and Early Education, 2013, s. 16).

3.0 Metode

Aubert (1985, s.196) har skildra metode som; *en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener formålet, hører med i arsenalet av metoder.*

Ein metode er eit reiskap, framgangsmåte, ein har å bruke i møte med noko ein vil undersøke. Metoden hjelper oss med å samle inn den informasjonen ein treng til undersøkinga ein vil gjennomføre (Dalland, 2012).

Innafor samfunnsforskning er kvalitativ og kvantitativ forskning to vesentlege tenkemåtar å skilje mellom når det gjeld korleis ein kan få tak i eller generere informasjon om samfunnet. Desse to hovudtilnærmingane er naudsynete for ei breitt samansett forskning, og ulike forskings spørsmål eller problemstillingar peiker i retning av ulike metodiske tilnærmingar (Tjora, 2011).

3.1 Kvalitativ metode

Med kvalitativ metode tek ein sikte på å fange opp meining og oppleving, ein vil gå i djupna på noko og få fram det som er spesielt med eit fenomen (Dalland, 2012). Å nytte seg av kvalitative metodar kan vere særleg lønnsamt dersom ein skal undersøke fenomen som ein ikkje kjenner særleg godt og som er forska lite på (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011).

I denne oppgåva har eg brukt kvalitativ metode i form av semistrukturerte intervju med eit utval informantar. Denne metoden såg eg på som mest hensiktsmessig då eg kunne få moglegheita til å kome tettare på informantane og gå djupare inn i problemstillinga mi. Ein kan ikkje generalisere noko med så få informantar, men ein kan sjå tendensar og få fram eit lite utval sine tankar og meiningar kring eit tema.

3.1.1 Kvalitativt forskingsintervju

Eit kvalitativt forskingsintervju har som mål å innhente kvalitativ kunnskap, uttrykt med informanten sine eigne ord (Dalland, 2000). Kvale og Brinkmann (2009) karakteriserer det kvalitative forskingsintervjuet som ein samtale med ein struktur og eit formål. For å få til dette må ein ha opne spørsmål og informantane må få fortelje utifrå eigne referanseråmer.

Semistrukturerte intervju er ein av dei mest vanlege formene for kvalitative intervju (Dalland, 2012). Her kan ein få informanten til å reflektere kring eigne erfaringar og meiningar knytt til det aktuelle temaet, noko som passa godt i høve mi problemstilling (Tjora, 2011). Eg nytta ein intervjuguide som utgangspunkt (vedlegg1), men det var heile vegen rom for å bevege seg fram og tilbake, og tema, spørsmål og svar kunne variere (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011). Formålet med intervjuet var å prøve å kartlegge informantane sine syn på førskulen si utvikling, sitt

formål, barn og barndom, og dermed var dialog meir naturleg enn reine spørsmål og svarsituasjonar.

Ser ein i teorien på Dahl (2001) sin definisjon av interkulturell kommunikasjon og på kulturfiltermodellen, kan ein sjå at Zambia vil kunne hamne under B i kulturfiltermodellen, som eit tradisjonelt afrikansk samfunn. Dahl beskriv blant anna at kulturen i kulturfilter B nyttar eit indirekte språk og ser på høflegheit som svært viktig. Noreg er eit vestleg samfunn, og passar inn i kulturfilter A, noko som kan by på kulturelle utfordringar i ein intervju situasjon. Sidan eg nytta meg av eit semistrukturert intervju hadde eg heile tida moglegheit til å justere på spørsmåla og omformulere dersom det var naudsynt. Eg prøvde å vere bevisst mitt eige og informanten sitt kroppsspråk slik at eg kunne formidle best mogleg, og få til ein god dialog. .

3.1.2 Observasjon

Intervju og observasjon heng nært saman som metodar og mykje av det som er sagt om intervju gjeld også for observasjon (Dalland, 2012). Ved å kombinere desse to metodane kan observasjon til dømes gje dei naudsynte føresetnadane for eit intervju.

Tjora (2011, s.38) seier det enkelt: *man kan tenke seg at vi med observasjon studerer det folk gjør, mens man i intervjuer studerer det folk sier (at de gjør).*

Observasjon gjer oss ein moglegheit til å sjå med eigne auge korleis menneske handlar og samhandlar, noko som kan vere ulikt frå kva folk *seier* at dei gjer (Dalland, 2012).

Ustrukturert observasjon kan vere nyttig for å gjere seg kjend i eit nytt miljø (Dalland, 2012). Ein har ikkje bestemt seg på førehand kva ein vil sjå etter og kan dermed vere meir open for det ein ser rundt seg. Med ein slik type observasjon er det viktig at ein skriv ned hendingar med ei gong anledninga byr seg. Ein kan nytte ein slik type observasjon til å leite etter ting som fangar interessa (Dalland, 2012). Gjennom slike observasjonar fann eg mitt tema for oppgåva og etter kvart ei problemstilling. Eg valde òg denne metoden for å kome nærare menneska i feltet og for å sjå korleis ting faktisk fungerer, samstundes som det har hjulpe meg med val av spørsmål og formuleringar til intervjuguide

3.1.3 Feltforskning

Feltforskning har blitt ei populær tilnærming til samfunnsforskning dei siste tiåra (Hammersley & Atkinson, 1996). Det er mange ulike måtar å tilnærme seg feltforskning på, Hammersley & Atkinson (1996) seier at det mest karakteristiske ved feltforskning er at den som forskar opent eller skjult tek del i folk sine kvardagsliv over ein lengre periode. Her må forskaren observere det som skjer, lytte til det som vert sagt og stille spørsmål. Ein må samle inn data som er tilgjengeleg, og som vil setje lys på dei problema ein er oppteken av i forskinga.

Gjennom heile opphaldet i Zambia har uformelle samtalar med både fagpersonar og «mannen på gata» vore med på å forme oppgåva mi.

3.2 Utveljing av informantar

I kvalitative metodar ynskjer ein som regel å få mykje informasjon frå eit avgrensa tal informantar (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011; Dalland, 2012). Kor stort utval informantar ein treng vil variera avhenging av problemstilling og måten ein skal samle inn informasjon på (Dalland, 2012). Sidan eg brukte intervju for å innhente informasjonen min, var det vanskeleg å sei på førehand kva som var nok tal informantar og intervju. I mange tilfeller vert tal informantar bestemt når ein nærmar seg slutten av undersøkinga, og føler at ein er metta med informasjon (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011). Eg trengte personar som hadde bestemte kunnskapar og erfaringar, så då eg skulle velje ut informantane mine gjorde eg strategiske val (Dalland, 2012). Eg plukka ut tre ulike informantar som alle er fagfolk innafor utdanningssektoren, og som på ulike måtar har eit forhold til førskulen i Zambia. Informantane var av ulikt kjønn, alder og bakgrunn. Grunnen for dette utvalet var for å få fram ulike syn og meiningar. At det er skilnad på førskule i urbane og rurale område i Zambia, er ikkje til å legge skjul på. Sidan alle mine informantar er frå urbane områder, vil mine funn for det meste omhandle det og difor er problemstillinga vinkla mot det også.

3.3 Datainnsamling

Når ein driv med forskning må ein samla inn dokumentasjon som gjenspeglar den verkelegheita som ein forskar på (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011). All datainnsamling må dokumenterast. Mitt formål med dei semistrukturerte intervjuva var å innhente kvalitativ kunnskap uttrykt av informantane. Eg ville få fram nyanserte beskrivingar av den situasjonen som intervjupersonen var i (Dalland, 2012). For å få med heilskapen i dei beskrivingane intervjupersonane kom med var det nødvendig å stille utfyllande spørsmål. Ein måtte følge godt med og utfordre intervjupersonen til å gje ei best mogleg dekkande beskriving (Dalland, 2012).

3.4 Etiske omsyn

Etikk handlar om prinsipp, reglar og retningslinjer for vurdering av om handlingar er rett eller gale. All forskning må underordne seg etiske prinsipp og juridiske retningslinjer (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011). Ein skal ivareta personverda og sikra truverdigheita av forskingsresultata. Gjennom heile forskingsprosessen er det viktig å tenke på det etiske (Dalland, 2012). Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora (NESH) har formulert nokre generelle krav til etikk innafor forskning (Tjora, 2012). Dei seier at ein som ein hovudregel i kvalitativ forskning berre skal setje i gang

forskningsprosjekt etter deltakaren sitt informerte og frie samtykke. Vidare seier dei at informantane til ei kvar tid skal ha rett til å avbryte si deltaking, utan at det skal få negative konsekvensar for dei. Når det gjeld intervju som metode er forskningsetikken særleg oppteken av at informanten ikkje skal kome til skade, til dømes ved at ein tek opp følsame tema (Tjora, 2012). Dette var ekstra viktig for meg, då eg kom til ein ukjend kultur og skulle observere og gjennomføre intervju. Intervjupersonar skal utsetjast for minst mogleg belastning (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011).

3.5 Validitet og reliabilitet

Når ein har samla inn data, som er ein representasjon av verkelegheita, må ein spørje seg kor relevant det ein har samla inn er for problemstillinga ein har (Dalland, 2012). Det er ikkje nok at ein til dømes har funne relevante personar å intervjuje, ein må klare å stille dei relevante spørsmål slik at ein klarer og setje lys på problemstillinga. Innafor forskning pratar ein om validitet. Ein teknikk ein kan nytte seg av for å auke sannsynet for å frambringe truverdige resultat er vedvarande observasjon. Vedvarande observasjon inneber at ein investerer nok tid slik at ein vert godt kjent med dei personane ein etter kvart skal intervjuje og på den måten byggjer ein opp tilitt og ein kan klare å skilje mellom relevant og ikkje relevant informasjon (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011). Ein kan og få styrka truverdigeheita ved å formidle resultatata til informantane og få resultatata bekrefte eller eventuelt avkrefta.

Reliabilitet handlar om dei innsamla dataa i ei undersøking; nøyaktigheita ved innsamling, kva data som vert brukt, korleis den vert samla inn og korleis den vert bearbeida (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011). Ein kan spørje seg kor påliteleg dataa ein har samla inn er. Med kvantitativ metode kan ein på ulike måtar teste reliabiliteten på dataa ein har samla inn, og her er reliabiliteten kritisk. Litt vanskelegare er det med kvalitativ metode, då ein ofte bruker ustrukturerte datainnsamlingsteknikkar som er vanskelege å kopiere. Det vil vere vanskeleg som forskar innafor kvalitativ metode å kopiere ein annan forskar si forskning, særleg sidan ein bruker seg sjølv som instrument og det er ingen som har akkurat den same erfaringsbakgrunnen som ein sjølv har og dermed ikkje moglegheit for å tolke på same måte (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011).

4.0 Empiri

Empiri er eit omgrep som vert brukt i forskinga og handlar om kunnskap bygd på erfaringar (Dalland, 2012). Empiri ikkje er ikkje sjølvverkelegheita, verkelegheita er kompleks og det er ikkje mogleg å registrere «alt». Meir korrekt kan ein sei at empiri er meir eller mindre vellykka representasjonar av verkelegheita (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2011).

I dette kapittelet vil eg presentere empirien min, som er eit resultat av seks veker med praksis, tre semistrukturerte intervju og uformelle feltsamtalar både på praksisplassen og elles i samfunnet. Eg har vald og gje informantane mine fiktive namn, for å enklare skilje kven som seier kva. Marcus er utdanna lærar og arbeider som rektor på ein privat barne- og ungdomsskule i Livingstone, der førskulen allereie er innunder skulen. Sara er utdanna førskulelærar og har arbeida som det i 14 år. No er ho rektor i ein privat førskule i Livingstone. Adam er distriktsansvarleg for utdanningssektoren i Livingstone og er aktivt med i arbeidet med implementering av ny læreplan og kommunale barnehagar i Zambia. Empirien er delt opp i sentrale tema som skal underbyggje problemstillinga. Gjennom eit utval sitat og samandrag frå dei mest sentrale delane av det innhenta datamaterialet vil eg setje lys på problemstillinga mi.

Problemstilling: *Kva formål har urbane førskular i Zambia slik utvalde utdanningsaktørar ser det?*

- *Korleis har den zambiske førskulen utvikla seg historisk dei siste 50. åra?*
- *Kva trur nokre utdanningsaktørar ein ny førskulepolitikk i Zambia kan bety for førskulen sin status?*

4.1 Kven er førskule for?

For å kunne seie noko om formålet til førskulen, vil eg fyrst setje lys på litt historie og utvikling, slik at ein sjå ting i ein samanheng. Då eg prata med informantane om kven den zambiske førskulen er for, kunne alle informantane mine fortelje at det har vore og framleis er ei stor endring når det gjeld kven som sender barna sine dit. *Før var førskule berre for dei høgaste samfunnsklassane, dei var privat eigd og det var dyrt å sende barna sine der* (Adam).

Sara sa; *Når barna er mellom 0-1 år er det vanleg at det er eit familiemedlem som tek vare på barna. Det kan vere bestemor, ei tante, andre familiemedlem eller nære vener av familien.* Vidare fortalde ho at i urbane område er foreldra klar over at dei bør la barna sine gå på førskule, men at det er eit problem med kapasiteten: *Eit problem i Zambia er at det ikkje er nok førskular, slik at alle dei som vil sende barna sine dit kan ikkje gjere det.*

Den Zambiske førskulepolitikken er kome meir i fokus dei siste åra og går gjennom store endringar. Alle informantane fortalde om utviklinga, overgangen til utdanningsdepartementet og kva dei trur

det vil ha å seie for førskuletilbodet. Marcus fortalde at til no har dei alle fleste barnehagar vore privat eigd og eigaren har som regel hatt eit hovudmål om å tene mest mogleg pengar, og ikkje vore så interessert i barneoppdraging og utvikling.

Før kunne alle som ville opne ein førskule utan å gjere anna enn å gje ein beskjed til lokale myndigheiter. Dei laga sin eigen læreplan for korleis dei ville drive sin førskule, og så var det berre og setje i gan g (Marcus).

Adam fortalde; *Før kunne ein opne førskule i sitt eige hus, men no er det kome visse krav til klasserom og undervisningsmateriale. ...I 2008 starta regjeringa med prosjektet om førskular i alle kommunale skular, for barn frå 3-6 år. Den gonga var det lokale myndigheiter som hadde ansvar for førskulen, men frå 2013 var førskulen og vidare satsing ein del av utdanningsdepartementet.*

Samtlege av informantane fortalde at etterspørselen om eit førskuletilbod stadig vert større og at med regjeringa si satsing vil ein få eit tilbod som kan nå ut til fleire. *Dei kommunale barnehagane skal hjelpe dei som ikkje har så mykje (Marcus).*

Når det gjeld barn som skal lære, har regjeringa sett at eit godt og sterkt utdanningsgrunnlag berre kan verte lagt om ein inkluderer førskulen i utdanningssystemet (Adam).

Gjennom praksisperioden arbeida eg berre med kvinnelege førskulelærarar, og det var ikkje vanskeleg å observere og oppleve at det å arbeide med dei yngste barna er noko samfunnet meiner passar best for kvinner. Når det gjaldt informantane sine syn på kjønn og kjønnsroller, var dei tydlege på at det skulle vere ei viss deling i arbeidsoppgåver. *Å ta vare på dei minste barna er kvinnene sin jobb, sjølv om det ikkje er heime (Sara).* Marcus fortalde at kjønnsrollene hadde tradisjonelle grunnar. Menn kan gjere det harde og vanskelege arbeidet medan kvinner kan gjere det enkle og lette arbeidet. Kvinnene har ei dobbeltrolle i samfunnet, ho skal vere både kone/mor og yrkeskvinne. Manne kan bruke meir tid på jobb og treng ikkje «ta vare på» heim og barn. Adam fortalde om det tradisjonelle synet, men sa og at det er ei endring i samfunnet no; *me ser at «alle kan gjere alt», det kjem ikkje an på kjønn i like stor grad lenger.*

4.2 Førskulen sitt formål

Her vil eg presentere empiri kring spørsmål om førskulen sitt formål og status. Kvifor sender zambiske foreldre barna sine til førskulen?

Førskulen og skulen gjer barna ei utdanning samstundes som foreldra deira er ute og arbeider. Foreldra er med å utvikle landet samstundes som barna byggjer seg opp muligheita til å gjere det seinare, når det er «deira tur» (Marcus).

4.2.1 Førebuing til skule

På spørsmål om kvifor barn i Zambia går i førskulen lyfta alle informantane fram at det var viktig å starte tidleg med førebuing til det vaksne liv. *Skal barna lære, må dei starte tidleg* (Marcus). Like viktig er det å la barna få motivasjon til å fullføre skulegang, dei skal verte motiverte til å kome tilbake til førskulen neste dag og for å starte på skulen etterkvart.

Førskulen skal vere ein stad, ikkje i staden for heimen, men i tillegg til heimen, der barna kan starte akademisk (Sara).

Då eg spurde informantane kva dei meinte er viktig at barna lærer i førskulen var det punkt som tal og bokstavar som vart nemnt. *Barna skal kunne identifisere tal og bokstavar, dei skal førebu seg til skulen* (Sara). Dette såg eg att i mine observasjonar i kvardagen, det var eit veldig stort trykk på at barna skal lære og prestere i kvardagen. I tillegg var moralsk og sosial utvikling viktige punkt i førskulen, og desse to vil eg presentere meir under neste overskrift.

Adam understreka at alt dei gjer i førskulen skal vere FØR-skule. Det skal ikkje vere heilt likt som å gå på skule, for barna er ikkje ferdig utvikla og er ikkje klare til å starte med skule. For å klare dette må det vere ein kvardag der leik og læring skjer saman.

Kanskje ein trur at når barna startar tidlegare med utdanningsløpet får barna eit grunnlag for å like skulen og får lyst til å fullføre. Med fleire barn i førskulen håpar ein å få ned talet på dei som droppar ut når dei kjem i 8.-9. Klasse (Marcus).

Sara fortalde at kyrkja har gått ut og støtta under leik i førskulen. *Etter førskulen er det ikkje plass til meir leik, for då skal læringa ta over* (Sara). Marcus fortalde at dersom ein leikar som vaksen er ein ikkje ein ansvarleg vaksen som kan ta vare på og oppdra sine barn.

Hushjelp er ein nokså vanleg ting å ha i ein zambisk kontekst, både til å stelle i huset og ta vare på dei minste barna medan mor arbeider. Alle informantane fortalde at i hushald der begge foreldra har utdanning, og er ute i arbeid, vel dei ofte å sende barna i førskulen når dei er rundt tre år fordi der lærer dei meir enn å vere heime med hushjelpe. *Dei kvinnene som har utdanning sender barna sine i førskulen* (Sara). Marcus sa det på denne måten; *nokon har hushjelp som skal passe på barna medan dei arbeidar, men dei som har utdanning ser at dersom barna skal lære meir må dei gå i førskulen frå dei er tre år.*

Kulturen i Zambia er behavioristisk. Dei vaksne skal lære barna noko. Barna skal ikkje berre utforska og utvikla seg på eige hand. (Adam).

Som nemnt tidlegare var eit viktig poeng alle tre informantane prata om betydinga av meir satsing på utbygging av kommunale førskular. Når det vert fleire førskular og fleire barn i førskulen håpar ein å minske gapet mellom dei som har gått i førskule og dei som ikkje har det når dei kjem på

skulen – fordi fleire kan gå i førskule. Sara sa at; *dei barna som ikkje har gått i førskule kan raskt miste lysta til å gå på skulen, til å få seg ei utdanning.* Vidare fortalde ho og;

Dei barna som ikkje har gått på førskule før dei startar på skulen har ikkje den same kunnskapen som dei som har gått i førskulen. Dei vil ikkje klare seg like bra på skulen (Sara).

Marcus sa at dei barna som ikkje har vore i førskule må starte på det stadiet andre barn har brukt eit par år i førskulen for å kome forbi, og vil automatisk verte hengande bak når det gjeld faglege ting på skulen.

Ein annan positiv ting med utdanningsdepartementet si satsing på førskule, som informantane peika på, er lokaliseringa. Når førskule og skule er på same plass kan kanskje overgangen verte enklare for barna. Marcus håpar at lærarane kan kommunisere saman om kva barna kan og korleis ein leggje best mogleg til rette for dei.

4.2.2 Sosialisering

Alle informantane synest det er viktig for barna å få gå i førskule både for å utvikle seg emosjonelt og sosialt, men også for å lære og førebu seg til skulen. Marcus fortalde at; *førskulen skal fyrst og fremst vera ein sosialiseringsarena. Og når barn er sosiale saman, lærer dei andre ting samstundes.* Sjølvstende var eit anna viktig ord for både Marcus og Sara. Dei meinte det var viktig for barna å gå i førskulen for då lærer dei seg å verte sjølvstendige, vere saman med andre barn, innordne seg og då kan dei etter kvart ta meir og meir ansvar for seg sjølv. *Eg tenkjer at barn som er saman med mange andre barn i same alderen utviklar seg betre enn eit barn som er åleine heime med ei hushjelp* (Sara).

Fysisk utvikling kom fram som eit viktig tema hjå alle informantane. Kroppsbehersking, fin- og grovmotorikk og det å røre på seg er viktig i barna si utvikling. *Det er viktig for barna å gå i førskule for å utvikle seg. Klatring, teikning – utvikla grov- og finmotorikk* (Sara).

Den zambiske kulturen endrar seg. No vil "alle" at barna deira skal gå i førskule, fordi dei veit at det er viktig for barnet si utvikling (Sara)..

5.0 Drøfting

I dette kapittelet vil eg vise samanheng mellom dei funna eg har gjort i intervju mine og dei ulike teoriane eg har presentert, og drøfte det opp mot problemstillinga mi:

Kva formål har urbane førskula i Zambia slik utvalde utdanningsaktørar ser det?

- *Korleis har den zambiske førskulen utvikla seg historisk dei siste 50 åra?*
- *Kva trur nokre utdanningsaktørar ny førskulepolitikk i Zambia kan bety for førskulen sin status?*

Uformelle feltsamtalar og observasjonar som eg har hatt gjennom heile opphaldet mitt i Zambia vil i noko grad påverke drøftinga. Eg har vald å tematisere drøftinga på same måte som empirien.

5.1 Kven og kva er førskule for?

Her vil eg drøfte kven førskulen er for og kva den er der for. Eg vil sjå på det i samanheng med det tradisjonelle samfunnet, kjønnsroller og regjeringa sine mål for førskulen.

5.1.1 Det tradisjonelle samfunnet

Slik eg ser det reint overflatisk, kan ein sjå på det zambiske samfunnet som eit tradisjonelt samfunn. For å få ting til å fungere er dei avhengige av kvarandre. Det skal vere eit visst skilje mellom arbeidsoppgåver i familien, basert på kjønn og alder, og respekt er ein viktig verdi. I førskulen såg eg dette i timane, då dei mykje av tida hadde munnlege dialogar der barna skulle svare læraren i kor, dei skulle lære saman og av kvarandre. Dette kan ein sjå i samanheng med ein Ubuntu etikk der ein skal vere saman i eit fellesskap, respektere og innordne seg.

Taylor (2006) syner til det utvida familieomgrepet og seier at i afrikanske land som Zambia ser ein på ein utvida kjernefamilie. Her er besteforeldre, tanter, onklar og søskenbarn i både nær og fjern slekt ei viktig rolle i barna sine liv. Dette kan ein sjå i samanheng med det Sara fortalde om at dei minste barna, mellom 0-1 år vanlegvis vert passa på av familiemedlem eller nære vener av familien. Førskulen som institusjon syner ikkje å ha hatt nokon særleg status i det tradisjonelle samfunnet, verken på statleg eller lokalt nivå. Fokuset har vore på at førskulen skal vere ei oppbevaring for barna, ikkje at det skal vere særleg læring inne i bilete.

Det er i hovudsakulike private aktørar som har dominert som eigarar for førskulane. Dette har medført at økonomien til den einskilde familien vert eit poeng, ikkje alle har råd til å sende barna sine i førskulen. Det økonomiske klasseskilje i samfunnet kan ha hatt noko å seie for kva omdøme førskulen har danna seg. Det tradisjonelle og kollektivistiske samfunnet synes å stå sterkare i landsbyane og i dei lågare sosiale sjikta. Høgare samfunnsklassar har ofte betre økonomi og utdanning, og er gjerne meir vestleg orientert og går meir mot å verte eit høgmoderne samfunn. *Før*

var førskule berre for dei høgaste samfunnsklassane, dei var privat eigd og det var dyrt å sende barna sine der (Adam).

Familiar der foreldra har utdanning og god økonomi synes å sjå viktigheita ved å sende barna sine til førskulen. Deira kulturelle verdiar kan tilsei at det er nødvendig for barn å vere i eit større fellesskap saman med mange andre barn på same alder. Utifrå ein kultur der det er familien si oppgåve å oppdra og disiplinere dei yngste i familien, vil det kanskje ikkje vere naturleg å sjå på førskulen som ein nødvendig institusjon i samfunnet. Sosial kan ein vere med familien, og av foreldre og andre vaksne rollemodellar kan ein lære seg å overleve.

5.1.2 Kjønnsroller

Gjennom praksisperioden arbeida eg berre med kvinnelege førskulelærarar, og det var ikkje vanskeleg å observere og oppleve at det å arbeide med dei yngste barna er noko samfunnet meiner passar best for kvinner. Dette kan ein sjå i samheng med det patriarkalske samfunn der mannen er familien sitt overhovud og makta ligg i relasjonane mellom mann og kone (Bredal, 2011). Som Sara sa; *Å ta vare på dei minste barna er kvinnene sin jobb, sjølv om det ikkje er heime.* Mannen er overhovudet i familien, og jobben hans er forsørgje og vere eit ansikt utad.

Marcus fortalde at kjønnsrollene hadde tradisjonelle grunnar. Menn kan gjere det harde og vanskelege arbeide, medan kvinner kan gjere det enkle og lette arbeidet. Kvinnene har ei dobbeltrolle i samfunnet, dei skal vere både kone/mor og yrkeskvinne. Manne kan bruke meir tid på jobb og treng ikkje «ta vare på» heim og barn. Adam fortalde om det tradisjonelle synet, men sa og at det er ei endring i samfunnet no; *me ser at «alle kan gjere alt», det kjem ikkje an på kjønn i like stor grad lenger.* Dette kan ein sjå i samheng med eit meir individualistisk menneskesyn og ein kultur der ein ser at verda kan beherskast berre ein brukar fornuft og ståpåvilje.

5.1.3 Regjeringa sine mål for førskulen

Barna skal ikkje berre passast på, dei skal førebu seg til skulegang, dei skal lære noko. Dette synes å vere primærbodskapen til den zambiske regjeringa når dei no har lagt fram dei nye retningslinjene for førskulen. Eit poeng kan vere at det er eit felles formål/felles verdi i det, som gjeld på nasjonalt plan for alle barn og som kanskje kan gje dei eit likare utgangspunkt for vidare skulegang.

Før kunne alle som ville opne ein førskule utan å gjere anna enn å gje ein beskjed til lokale myndigheiter. Dei laga sin eigen læreplan for korleis dei ville drive sin førskule, og så var det berre og setje i gan g (Marcus).

Dette peiker mot at dei vil ha eit felles utgangspunkt, eit likt tilbod nasjonalt. Dei tek ikkje berre tilbake hovudansvaret for innhald frå private aktørar, men òg frå lokale styringsmakter. Det kan

heve kvaliteten og gjere at tilbodet vert betre. *Når det gjeld barn som skal lære, har regjeringa sett at eit godt og sterkt utdanningsgrunnlag berre kan verte lagt om ein inkluderer førskulen i utdanningssystemet* (Adam).

Endringa har gått gradvis, i 2008 starta dei med pilotprosjekt som var drive av lokale styringsmakter, i 2013 tok regjeringa over. Rasjonalisering og kompetanseheving er noko som syner å framheve regjeringa si vidare satsing. Dei må ha sett noko positivt frå 2008 sidan dei vel å satse vidare på det. Kanskje ser dei viktigheita av å få det på nasjonalt plan og ei slik satsing gjev førskulen tyngde, noko regjeringa legg vekt på.

Ein kan sjå på ei økonomisk side ved det at det skal byggjast fleire offentlege førskular. I tillegg til å stille krav til planar, vert det og stilt krav til eit meir offentleg tilbod. Betre sjanse til å nå ut til fleire samfunnssklassar, dei som tidlegare ikkje har hatt muligheit til å sende barna sine i førskulen grunna økonomien. Dette kan vere med å jamne ut eit eventuelt skilje når barna byrjar på skulen mellom rike og fattige.

I urbane områder syner foreldre å vere klar over at dei bør la barna sine gå på førskule, men det har vore, og er eit problem med kapasiteten. Utifrå regjeringa sine nye mål vil ein kunne anta og håpe at dette er noko som er i endring ved at dei satsar meir på utbygginga. Ein vil kunne anta at auka kapasitet må på plass før ein vil kunne sjå det forsterka positive synet på førskulen. Eg trur det vil vere viktig at fleire får tilbod om førskule, på tvers av samfunnssklassar. Auka kunnskap og kjennskap til førskulen kan vere med å heve status og bruken av førskulen blant det gjennomsnittlege menneske i Zambia. *Førskulen er for alle, men alle har ikkje mulegheit til å nytte seg av det tilbodet. Målet med dei kommunale barnehagane er at dei skal verte gratis og tilgjengeleg for dei som ikkje har råd til å sende barna sine i dei private barnehagane* (Sara).

5.2 Førskulen sitt formål

Eg vil no drøfte førskulen sitt formål der eg vil sjå på to hovudpunkt. I drøftinga vil eg basere meg på kva informantane sa, mine eigne observasjonar og kva regjeringa har gåve av informasjon. Fyrst vil eg sjå på læringsverdien i forhold til vidare skulegang, for deretter å sjå på førskulen sin verdi som ein sosial læringsarena.

5.2.1 Førebuing til skule

I den nye læreplanen for førskulen frå regjeringa vert det lagt stor vekt på førskulen sin verdi for vidare utdanning. Grunnlaget for vidare skulegang vert lagt i førskulealder og forskning viser at barn som har gått i førskule synest å ha eit betre grunnlag for seinare læring på skulen, enn det barn utan førskulegang har. Såleis syner regjeringa si nye satsing å understreke viktigheita av utdanning og

læring. Ein kan såleis seie at regjeringa med dette aukar statusen til førskulen i Zambia når dei no legg dette inn under departementet for utdanning.

Observasjonar i praksis viser at det er eit stort fokus på læring i førskulen og det vert stilt store krav til barna om at dei skal prestere. Dei skal kunne identifisere tal og bokstavar, dei skal førebu seg til skulen. Ifølgje Ingleheart & Baker er familie, det å gjere foreldre stolte, ein viktig verdi i det tradisjonelle samfunnet. Dersom barna prestere bra i førskulen vert foreldra nøgde for det kan hjelpe dei vidare på skulen og gjere til at dei etter kvart kan vere med å forsørgje familien. Dette syner at regjeringa sin plan byggjer på oppfatningar som allereie finst i samfunnet, men som no vil verte tilgjengeleg for fleire i større grad. Auka offentleg satsing aukar kapasiteten og såleis vil fleire ha moglegheit til å gjere seg nytte av dette.

Såleis kan ein argumentere for at læring er ein viktig faktor i den nye satsinga og at auka kapasitet frå den offentlege sektoren syner at staten i større grad ynskjer å leggje til rette for førskulen som ein stad for barna å starte sin akademiske karriere. Dette kan sjåast på som ei endring som fører vekk ifrå ein meir tradisjonell, Ubuntu samfunn, mot eit vestleg samfunn der det ikkje berre er storfamilien og lokalsamfunnet som skal ta ansvar for dei små barna si utvikling, men at og staten går inn med krav og handling til barna si læring og utvikling. Dette vil bli drøfta meir når ein ser på det sosiale formålet til førskulen.

5.2.2 Sosialisering

Gjennom intervju og innsikt i den nasjonale læreplanen til Zambia, sit eg att med eit inntrykk av at sosialisering er eit sentralt element i barna sin kvardag. I førskulen skal dei lære å vere med andre jamnaldrande og utvikle seg. Ein slik kultur kan innehalde verdier frå Ubuntu, der fellesskapet skal vere der for å hjelpe det enkelte individ til å verte eit fullverdig menneske (Shutte, 2011). For barna er førskulen deira fellesskap, utanfor familien, og barna lærer å innordne seg etter dei normene som er der. Dei barna og vaksne som er saman påverkar kvarandre og slik eg ser det må dei vaksne vere gode rollemodellar for barna.

Undersøkingar gjort av Ingleheart & Baker får fram at eit fleirtal meiner det er viktigare at barn lærer å lystre og ha ei religiøs tru, enn å verte sjølvstendig og lære seg å ta eigne slutningar i livet. Men dersom det å verte sjølvstendig er ein viktig faktor i førskulekvardagen, kan det seie noko om at kanskje samfunnet rundt endrar seg. I det tradisjonelle samfunnet er det å inneha sosial likevekt viktigare enn å leve i eit individualistisk samfunn. Det kan seie at å verte sjølvstendig vert sett på som noko negativt, og kan føre til utestenging frå andre fordi ein ikkje lever i tråd med ein Ubuntu etikk. Kanskje går samfunnet i dei urbane områda i Zambia frå å vere prega av tradisjonar til å verte meir prega av moderne, vestlege faktorar som til dømes rasjonalisering? Det faktum at regjeringa i

Zambia vil satse meir på førskulen som institusjon kan tyde på at dei ser ein verdi i at barn tilbringe tid der. Sommer (1997) referer til at dagsinstitusjonar har djuptgåande påverknad på barn i dei fyrste seks leveåra.

I den nye læreplanen til regjeringa vert det lagt større vekt på sosialisering. Dette syner til større medvit om korleis førskulen som institusjon er med på å forme barna. Der ein i det meir tradisjonelle samfunn lærer barna opp til tradisjonar, fellesskap og kultur, ynskjer ein kanskje i førskulen å opne opp for at sosialiseringa vert meir individuelt tilpassa. Det kan gje ei moglegheit til å sjå barna og deira sosiale læring på ein annan måte enn kva ein kanskje ubevisst gjer i det tradisjonelle samfunnet. Der ein tradisjonelt stiller krav til at barna si sosialisering skal leie fram til fellesskapets normer og kultur, vil ein i førskulen kunne stille spørsmål til kva desse normene og denne kulturen inneber. Ein kan argumenter for at dette opnar opp for ein meir moderne kulturell tankegang med ei større merksemd på individet.

5.3 Veggen vidare

Den nye læreplanen og endringane i førskulen som det offentleg har sett i gang i Zambia syner å vise ei større merksemd kring utdanning og læring hjå yngre barn og korleis dette kan vere med å påverke for framtida. Ideane synest ikkje å stride med den generelle tankegangen ein kan finne blant menneskjer og utdanningsaktørar i dei urbane områda av Zambia. Såleis kan ein argumentere for at endringane har forankringar i samfunnet, og at ein difor vil kunne anta at dette vil kunne medføre ei varig endring. Endringar ein ser i forbindelse med dette synes å kunne påverke samfunnet i større grad framover, då desse endringane kan vere med på å forme nye generasjonar. Ein kan sjølvstilt ikkje seie noko bastant om kva endringane faktisk kjem til å vere og bringe med seg, men ein kan skilje ut punkter som synes å vere i endring allereie. Den offentlege satsinga vil kunne føre til at fleire vil kunne delta i denne prosessen og få tilgang til førskulen, nok som igjen vil kunne medføre at endringane vil kunne nå ut til heile samfunnet, ikkje berre til einskilte delar av det. Dette avhenge sjølvstilt at planane vert sett ut i livet og at førskuledekninga vert godt nok til at ei større del av befolkninga vil kunne dra nytte av den. Fokuset på læring og «rett læring» vil i framtida kunne lyfte større delar av befolkninga ved at fleire klarer å gjennomføre utdanninga, noko som igjen vil kunne medføre ei positiv utvikling for landet generelt. Bette tilgang for fleire vil og kunne vere med på å hindre at gapet både i økonomi og utdanning mellom dei ulike delane av befolkninga vert for stor. Felles standar og felles læreplan og det auka fokuset på sosialiseringsfaktoren vil kunne spele ei viktig rolle for kva retning endringane fører landet i. på dette stadiet vil det vere vanskeleg å konkret seie kva endringane faktisk vil innebære, men det er all grunn til å håpe at dette vil vere ei positiv endring for samfunnet og framtida.

6.0 Avslutning

Ifrå tradisjonell oppfatting og lokal utøving av små barn si utvikling og læring, til ei meir heilskapleg og sentralstyrt utbygging av ein læringsarena for dei yngste, gjennom auka satsing på førskulen. Førskulen i Zambia verkar no å ha fått eit klarare føremål, med ein tydelegare retning innhaldsmessig. Den skal nå ut til fleire gjennom ei større offentleg satsing, og den skal gje eit betre tilbod gjennom tydelegare krav til dei som driv tilbodet.

Gjennom intervju og observasjonar kan ein peike på skuleførebuing og sosialisering som to hovudformål med den zambiske førskulen. Fleire vil sende barna sine i førskulen og dette kan sjåast på som ein viktig instans i barna sin barndom. Dette treng ikkje bety at kulturen og normene som ein finn tradisjonelt sett vert vekke, men at ein har eit overordna mål med førskulen som er læring. Små barn skal ikkje lenger berre passast på, dei skal lære seg å lære.

Ei viktig endring i dette er at ein no stiller større krav til førskulane og at økonomi ikkje lenger vil vere ein så avgjerande faktor. Dei private aktørane vil ikkje berr kunne tenke pengar, dei får no også større krav til innhald. Samstundes gjev ei auka offentleg satsing fleire moglegheit til å nytte seg av tilbodet. Dette vil kunne fungere som ein sjølvforsterkande faktor for både status og bruk av førskulen. Der fleire vil både ynskje og faktisk gjere seg nytte av tilbodet. Dette synes å understreke formålet til regjeringa med den «nye» førskulen. Ei auka satsing som inneber både høgare krav til institusjonane og betre kapasitet og tilgang for folk flest.

I visjonen deira for 2030 seier departementet for utdanning at Zambia skal verte eit *velstående middle-income land*. Dei seier vidare at; *education is an intergal part of the social system and responds to the requirements of society*. Utifrå dette kan ein kanskje seie at førskulen sitt formål i Zambia er å vere den mjuke starten på utdanninga, og såleis svare til samfunnet sine forventingar, som kanskje vil vere utdanna, unge arbeidstakarar til å drive landet vidare?

Avslutningsvis kan ein stille seg spørsmålet; *Can a village raise a child?* Utifrå denne oppgåva kan ein kanskje sei at ein landsby kan oppdra eit barn, men det er ikkje sikkert den kan gi barna den læringa som gjev grunnlaget for vidare utdanning i like stor grad i forhold til retninga samfunnet utviklar seg i.

7.0 Bibliografi

Aubert, W. (1985). *Det skjulte samfunn*. Oslo: Universitetsforlaget.

Bergersen, A. (2010). Hvordan kan en ut i fra vestlig sosial og politisk teori forstå normer som gjelder for fellesskap som bruker begrepet "Ubuntu"? Sogndal: Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Bredal, A. (2011). *Mellom makt og avmakt. Om unge menn, tvangsekteskap, vold og kontroll*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.

Dahl, Ø. (2001). *Møter mellom mennesker. Interkulturell kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Dahl, Ø. (2013). *Møter mellom mennesker. Innføring i interkulturell kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Giddens, A. (1996). *Modernitet og selvidentitet*. Kjøbenhavn: Hans Reitzels Forlag.

Hammersley, M., & Atkinson, P. (1996). *Feltmetodikk. Grunnlaget for feltarbeid og feltforskning*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Inglehart, R., & Baker, W. E. (2012, august 02). Modernization, Cultural Change, and the Persistence of Traditional Values. *American Sociological Review*, ss. 19-51.

Johannessen, A., Tufte, P. A., & Christoffersen, L. (2011). *Introduksjon til samfunnsvitenskaplig metode*. Oslo: Abstrakt forlag.

Klausen, A. M. (1992). *Kultur. Mønster og kaos*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Kvale, S., & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Larsen, A., & Slåtten, M. V. (2011). *En bok om oppvekst*. Bergen: Fagbokforlaget.

Lash, S., & Whimster, S. (1987). *Max Weber, rationality and modernity*. London: Allen & Unwin .

Lindbekk, T. (2001). *Samfunnsteori. Fra Marx til Giddens*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.

Ministry of Education, Science, Vocational Training and Early Education. (2013). *ZAMBIA Education Curriculum Framework 2013*. Lusaka: Curriculum Development Centre.

Montgomery, H. (2007). Childhood in time and place. I M. Woodhead, & H. Montgomery, *Understanding childhood* (ss. 45-85). Milton Keynes: The Open University.

Shutte, A. (2011). *UBUNTU. An Ethic for a New South Africa*. Pietermaritzburg: Cluster Publications.

Sommer, D. (1997). *Barndomspsykologi: utvikling i en forandret verden*. Oslo: Pedagogisk forum.

Taylor, S. D. (2006). *Culture and Customs of Zambia*. Westport: Greenwood Press.

Tjora, A. (2011). *Kvalitative forskingsmeotder i praksis*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Tjora, A. (2012). *Kvalitative forskingsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

8.0 Vedlegg

8.1 Intervjuguide

Introduksjon:

- Enkel skildring av tema og oppgåva mi
- Hensikta med intervjuet og kva det skal brukast til
- Forklara dei teieplikta mi og at eg vil anonymisera dei som intervjuobjekt og førskulen deira

Generell info (for å få i gang samtalen): namn, alder, utdanningsbakgrunn, jobberfaring, spesielle interesser

Spørsmål:

1. Who are the pre-schools for? (What do you think/mean?)
 - a. What class of society?
2. Why do children in Zambia attend to pre-school?
 - a. (Because of the parent's work situation, the social, to prepare for school or anything else?)
3. Do you think it is important for children to go to pre-school?
 - a. Why, why not?
4. What is important for children to learn in pre-school?
5. Have you heard about the new curriculum that the government have made?
6. Why do you think the government are going out and want more pre-schools that are own by them?
 - a. What does the timing mean?
7. For whom are pre-school positive?
 - a. The children, the parents, the owners, the country?
8. The fact that the preschools have been moved from the local government to the Ministry of Education, Science, Vocational Training and Early Education – is that of any interest in the case of the new curriculum and the goal of preschools in governmental schools?
9. Why do you think the government want to spend money on the youngest ones, when they who maybe need it the most is the one that can't pay their school-fees, ore dropping out of school when they are around 12 years old?
 - a. Do the children in families that can not afford preschools have any chance when they start at primary school?
10. Why do you think it is mainly females that are preschool- teachers?
11. Can you describe Zambian culture, what is typical?

12. What do you think are the pre-schools status in the community?
13. Would more governmental own preschools make the gap between those how can afford early childhood education and not even bigger?
 - a. Do the children in the family's that cannot afford preschools have any chance when they start at primary school?